

### **Pkt.3. Fiskefauna**

Dei siste 10 åra har det vore bra produksjon av fisk i Instebotnen, noko som kan skuldast milde vintrar med etterfølgjande gode gytetilhøve. Fiskebestanden er nå så stor at den er på kanten av det vatnet tåler. Fisken har begynt å misse den raude kjøttfargen p.g.a. stort beitepress i botndyrfaunaen. På kort sikt vil ei regulering vere positiv for fiskebestanden, men på lenger sikt vil den tynnast kraftig ut p.g.a. minimale gytetilhøve. Nedtapping vinterstid vil tørlegge mykje av rogn i innløpsosane.

Fisken som sist vart utsett i Instebotnvatnet er regnbogeaure. Det er ei vårgytande art som neppe kryssar seg med vanleg aure, som gyter om hausten.

Dersom reguleringa fører til at fiskebestanden blir redusert eller døyr ut, må Sesskraft A/S sørgje for at det blir etablert ny bestand i vatnet etter ei fagleg vurdering. Dette må og gjelde ved eventuelle negative verknader i Urvatnet.

### **Pkt.4. Fuglefauna**

Sidan 2015 er det mellom anna gjort følgjande observasjonar i området :

2 storlompar, 2 storlom og 3 smålom.

22.juli 2017 vart det observert ei brun ugle på storleik med ei kongeørn. Med tanke på området ho vart sett i , er dette mest truleg ein hubro, ikkje slagugle eller lappugle.

Fjellvåk har tidlegare hekka i Blåfjellet, men dei siste 6-7 åra har paret brukt ein lokalitet nærare Hoemsetra.

### **Pkt. 5. Omsyn til beitedyr i området.**

Ei regulering av Instebotnvatnet vil skje i eit beiteområde som i hovudsak blir nytta av sau. Beitedyra kryssar som regel elva ved utløpet av vatnet. Når dammen eventuelt blir bygd, må det etablerast nytt kryssingspunkt slik at dyra framleis kjem seg trygt over elva. Dette gjeld og for turistar og andre som ferdast i området.

Sjølve utforminga av kryssingspunktet kan eventuelt avtalast med grunneigarane seinare.

### **Pkt. 6. Damanlegg og lukehus.**

Inntaksdammen er planlagt bygd som massivdam i betong.

Grunneigarane ser det som viktig at arbeidet blir utført slik at dammen fell mest mogeleg naturleg inn i terrenget både når det gjeld utforming og farge.